



Verneområdestyret  
Setesdal Vesthei,  
Ryfylkeheiane og  
Frafjordheiane

# Møteinnkalling

---

**Utvalg:** **AU i verneområdestyret for SVR**

**Møtested:** , Teams

**Dato:** 19.12.2022

**Tidspunkt:** 08:00

---

Eventuelt forfall må meldes snarest til en av verneområdeforvalterne. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

## Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
AU 52/22	Godkjenning av innkalling og saksliste		
AU 53/22	Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar		
AU 54/22	Referatsaker		
AU 55/22	Orienteringssaker		
AU 56/22	Søknad om dispensasjon til gjennomføring av kjentmannsturar i SVR gjennom deltaking på STF kvisting av løyper - Speidernes beredskapsgruppe		2022/9103
AU 57/22	Søknad om løyve til bygging av båthus og frakt med snøscooter og helikopter. Store Sandvatn. Gnr 60, bnr. 30. Øyvind Uppstad. Valle kommune.		2022/8711
AU 58/22	Godkjenning av budsjett for drift av verneområdestyret 2023		2022/9725
AU 59/22	Innmelding av behov for tiltaksmidler og bestilling av tenester frå SNO for 2023		2022/9746
AU 60/22	Eventuelt		

**AU 52/22 Godkjenning av innkalling og saksliste**  
**AU 53/22 Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar**  
**AU 54/22 Referatsaker**  
**AU 55/22 Orienteringssaker**



**Verneområdestyret**  
**Setesdal Vesthei,**  
**Ryfylkeheiane og**  
**Frafjordheiane**

Postadresse  
Postboks 504  
4804 ARENDAL

Besøksadresse  
Garaneset, 4230 Sand

Kontakt  
Sentralbord: +47 37 01 75 00  
Direkte: +47

www.svr.no

## Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2022/9103-0

Saksbehandler: Alf Odden

Dato: 13.12.2022

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	56/22	19.12.2022

### **Søknad om dispensasjon til gjennomføring av kjentmannsturar i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde gjennom deltaking på Stavanger turistforenings kvisting av løyper - Speidernes beredskapsgruppe**

Vedlegg:

- 1 Søknad om dispensasjon til gjennomføring av kjentmannsturar i SVR gjennom deltaking på STF kvisting av løyper - Speidernes beredskapsgruppe

#### **Forvalters innstilling**

Søknaden frå Speidernes beredskapsgruppe om dispensasjon til gjennomføring av kjentmannsturar i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde gjennom deltaking på Stavanger turistforenings kvisting av løyper, blir avslått. Vedtaket er fatta etter §48 i naturmangfaldlova.

Avslaget blir grunngjeve med at Speidernes beredskapsgruppe nyleg har fått avslag på sin søknad om kjentmannsturar på den aktuelle strekinga mellom strekinga Kringlevatn og Hovatn (AU-sak 5/22). Dette avslaget vart grunngjeve med faren for forstyrning av villrein i eit viktig trekk- og vinterbeiteområde.


Avslaget blir og grunngjeve med at verneområdestyret i sist styremøte av slo søknaden frå Stavanger turistforening om å kunne bruke Speidernes beredskapsgruppe til kvisting og transport til turisthyttene i dette området (styresak 45/22). I sitt vedtak slo verneområdestyret fast at ein på det nåverande tidspunkt, ikkje ønskja å endre eksisterande forvaltningspraksis og prinsippet om motorisert transport skal gjennomførast av den som har dispensasjon til det aktuelle transportføremålet, eventuelt av leigekøyrar med kommunalt ervervsløyve. Verneområdestyret meinte og at ei eventuell endring av forvaltningspraksis ikkje bør skje gjennom handsaming av ein enkelt søknad. Ei slik prinsipiell avgjerd bør derfor avklarast i prosessen med revidering av forvaltningsplanen eller gjennom at verneområdestyret handsamar dette som ein grundig utgreidd prinsippsak, kor ein får vurdert dei langsiktige effektane av å endre forvaltningspraksisen på dette område.

## Saksopplysninger

### Bakgrunn for søknaden

Viser til søknad frå 23.09.2022 og gjeldande dispensasjon til kjentmannsturar gitt i AU-sak 5/22. Viser og til styresak 45/22 kor verneområdestyret avsto søknaden frå Stavanger turistforening (STF) om å ha med seg Speidernes beredskapsgruppe på varetransport og kvisting til turisthyttene.

Speidernes beredskapsgruppe (SB) søker om å endre gjeldande dispensasjon til kjentmannsturar i verneområda. SB ønskjer å endre ein tur på strekninga Taumevatn-Storevatn-Grautheller og ein tur på strekninga Ådneram-Kringlevatn, til to turar på strekninga Ådneram-Hovatn. Dei to nye kjentmannsturane er planlagt gjennomført når STF uansett skal køyre strekninga i samband med kvisting av løypene mellom turisthyttene. I søknaden går det fram at STF er positive til ei slik ordning. Det visast og til at dette vil effektivisere kvistinga og gi redusert motorferdsel i verneområda. SB opplyser og at ei slik ordning vi gje mannskap deira god erfaring med traseval, og at det det er behov for at nye generasjonar redningsmannskap blir kjent i desse områda.



Kart over aktuelle hytter og kvista løyper frå Ådneram i sør til Hovatn i nord.

### Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde av 28.4.00
- Forvaltingsplan for SVR, godkjend 2015
- Naturmangfaldlova
- Retningslinjer om redningstjenestens bruk av snøskuter i utmark og i verneområder. Rundskriv fra Klima og Miljødepartementet frå 15.05.2020

#### Heimelsgrunnlag

Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde vart verna ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000. Føremålet med vernet går fram av kapittel III i Forskrift om vern av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde:

- “1. Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.
2. Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa. “

Motorisert ferdsel i verneområdet blir regulert av verneforskrifta kapittel IV, punkt 5. Her heiter det mellom anna at motorisert ferdsel på land er forbode i landskapsvernområdet, med ein del unntak. Forvaltingsstyresmakta kan også gjeve dispensasjon til motorisert transport i somme tilfelle. Etter punkt 5.4, bokstav c, kan forvaltingsmyndigheita gje dispensasjon til nødvendig luft- og snøskutertransport av materiell, utstyr og proviant til hytter og buer. Motorisert ferdsel i samband med kvisting av løyper kjem ikkje under nokre av bestemmingane i punkt 5.4, og treng såleis dispensasjon etter §48 i naturmangfaldslova for å kunne gjennomførast.

*I §48 i Naturmangfaldlova heter det at "Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig".*

Rundskrivet *Forvaltning av verneforskrifter* (Miljødirektoratet 2014) gir føringer for dispensasjonsbehandling etter § 48. Ifølge rundskrivet må følgende to vilkår begge være oppfylt for å kunne gi dispensasjon:

- Tiltaket kan ikke påvirke verneverdiene nevneverdig.
- Tiltaket må ikke stride mot vernevedtakets formål.

Det følger av samme retningslinjer at forvaltningsmyndigheten særlig bør vurdere presedensvirkninger av en dispensasjon.

I Forvaltningsplan for SVR blir retningslinjer for motorferdsel omtala i kapittel 2.4 på side 32-40. Her går det fram at snøskuterløype kan gis til allment anerkjende nytteformål som landbruksdrift og transport av materialar, brensel og proviant til hytter. Kvisting av løyper er og nemnt. Det går og fram at utover søker med eit konkret transportbehov, kan transportane utførast av leigekøyrar med kommunalt ervervsløype.

Problemstillingane denne søknaden reiser har og blitt drøfta i arbeidsutvalget i verneområdestyret for SVR, der følgende vart protokollert etter møte 07.10.2022:

*«På bakgrunn av Stavanger Turistforening sin søknad om å få ha med seg Speiderenes beredskapsgruppe til å kviste vinterløyper, ba forvaltningssekretariatet om råd til hvordan denne søknaden skulle handteres. AU meinte det var viktig å holde fast på prinsippet om at motorferdsel i SVR bare kunne skje etter dispensasjon til det formålet det har blitt søkt om.»*

Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane har forvaltningsmynde for Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Arbeidsutvalet har i AU sak 11/2013, delegert avgjerdslemynde for dispensasjonssøknadar om ferdslø etter verneføreskriftene til verneområdeforvaltarane.

## Vurdering

### Naturmangfaldlova

Etter § 7 i Naturmangfaldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §8 til 12 leggest til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndigheit. Forvaltningsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet, vurdere søknadane etter desse paragrafane.

### Innverknad på verneverdiar og verneføremål

Store deler av den aktuelle køyreruta går i eit ope høgfjellandskap om lag 700-1200 moh, men den går og i område med fjellbjørkeskog 600-700 moh. Desse delane av områda i SVR blir brukt av villreinen store delar av året. I Norsk raudliste for arter 2021 er villrein oppført som nær truge (NT).

Dette blir og stadfesta av resultatata frå NINA sitt GPS-merkeprosjekt (NINA rapport 694/2011) og nyare data frå [www.dyreposisjoner.no](http://www.dyreposisjoner.no) for perioden 2011-2022. Norsk Villreinsenters rapport *Kartlegging av villreinsens arealbruk i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (NVS rapport 6/2010)* er det registrert fleire villreintrekk nær køyreruta det er søkt om. Så langt forvaltningsstyresmakta kjenner til etter søk i Naturbase er det ikkje registrert informasjon om andre prioriterte arter, trua eller nær truga arter på Norsk raudliste for arter 2021 eller andre verdifulle arter. Det er heller ikkje registrert informasjon om utvalde naturtypar, trua eller nær trua naturtypar på Norsk raudliste for naturtypar 2018 eller andre verdifulle naturtypar. Det er heller ikkje komme fram andre opplysningar som tyder på at det finns slike arter og/eller naturtypar i det aktuelle område.

Kunnskap om kulturminne i området baserer seg på Riksantikvaren sin kulturminnebase ([www.askeladden.no](http://www.askeladden.no)). Her er det ikkje registrert kulturminne som kan ta skade av motorferdsla det er søkt om.

Kunnskapsgrunnlaget (§8) om naturmangfaldet som ligg føre for å vurdere dei omsøkte tiltaka si innverknad på verneverdiar og verneføremål, må derfor vurderast som tilstrekkeleg til at forvaltningsstyresmakta kan fatte vedtak i saka. Det er samstundes stor usikkerheit knytt kva for innverknad ein dispensasjon vil ha på den samla motorferdsla i verneområdet på lang sikt. §9 om "Føre var prinsippet" vil derfor bli tillagt ei viss vekt i dei følgjande vurderingane.

§10 tek føre seg den samla belastninga av økosystemet i området. Utover dei sju turisthyttene ligg det åtte Statskoghytter, samt nokre få private hytter nær køyreruta. I tillegg er det fleire kraftverksinstallasjonar og regulerte vatn og vassdrag i området i samband med Sira-Kvina og Ulla-Førre reguleringane. Det er derfor ein del motorferdsle i område frå før i samband med transport av ved og proviant til hyttene og i samband med tilsyn av kraftverksinstallasjonane og drift av Statskoghytter. I tillegg har Sandnes Røde Kors og SB løyve til to kjentmannsturar i året for deler av strekninga nordover frå Ådneram. Det er og ein del skituristar i område i helger og ferier frå februar til mai. Kvar vinter er det til saman registrert om lag 1500 overnattingar på dei sju turisthyttene etter køyreruta.

Delar av områda langs køyreruta viktige vinterbeiteområde for villrein. Delar av området er og belasta med kraftinstallasjonar og regulerte vassdrag som utgjer hindringar for villreinen. Det er og ein relativt omfattande både motorisert og ikkje motorisert ferdslø i område frå før. På bakgrunn av desse

opplysningane, og datagrunnlaget som ligg til grunn for klassifiseringa av villreinområdet etter kvalitetsnorm for villrein, vurderer forvaltningsmyndigheita den samla belastninga som moderat til høg.

Den samla ferdsla blir vurdert til å være av eit slik omfang at den til tider medfører systematiske forstyrringar av villreinen. Etter forvaltningsstyresmakta si vurdering, vil den motorferdsla det er søkt om utgjere ein mindre del av den samla belastning på økosystemet i område. STF oppgir at det er nødvendig med ein snøskutertransportar for å kviste løypa mellom Hovatn og Storsteinen, og ytterlegare ein transportar for løypa mellom Storsteinen og Kringlevatn. Om SB til med kvistinga på sine kjentmannsturar vil ikkje transportbehovet bli redusert. Motorferdsla det er søkt om følgjer faste køyreruter, og transportane gjennomførast i eit avgrensa tidsrom i mars, før simlene tek til med trekket mot kalvingsplassane lenger nord og aust.

Sjølv om ein dispensasjon ikkje vil gi auka motorferdsel i verneområdet samla sett, vil den gi ei lita auke av motorferdsla i dei sårbare trekk- og beiteområda ved Storsteinen. Denne saken har og viktige prinsipielle sider som må vurderast. Dette gjeld særleg at en ved ein dispensasjon vil gå bort frå den etablerte forvaltningspraksisen med at motorisert transport skal gjennomførast av den som har dispensasjon til det aktuelle transportføremålet, eventuelt av leigekøyrar med kommunalt ervervsløyve. Å endre forvaltningspraksis på dette punktet vil lett føre til ein uoversiktlege situasjon der aktørar utan eige transportføremål, eller eit heilt anna transportføremål, nå kan køyre snøskuter på andre sitt løyve. Ein slik endring av forvaltningspraksis vil kunne ha omfattande presedensverknadar, og kan potensielt føre til meir motorferdsel i verneområde. Dersom motorisert transport skal kunne gjennomførast av andre enn løyveinnehavar og leigekøyrar, vil ein stå i fare for at eksisterande leigekøyringsordning bli uthola og få dårlegare lønnsemd. Dette kan vidare medføre eit dårlegare leigekøyringstilbod og at fleire, til dømes hytteeigarar, vil ønskje å ha eige snøskuterløyve.

Etter verneområdeforvaltar si vurdering bør ikkje ei endring av forvaltningspraksis som inneberer såpass store konsekvensar skje gjennom handsaming av ein enkelt søknad. Ei slik prinsipiell avgjerd bør avklarast i prosessen med revidering av forvaltningsplanen som vil ta til i 2024, eller eventuelt gjennom at verneområdestyret handsamar dette som ein grundig utgreidd prinsippsak.

§12 omhandlar miljøforsvarleg teknikkar, driftsmetodar og lokalisering.

Etter forvaltningssekretariatet si vurdering vil transport med snøskuter være den beste løysinga for det transportbehovet som er skissert søknaden.

§11 legg til grunn at eventuelle kostnader ved miljøforringing skal bærast av tiltakshavar. Tiltakshavar er fullt og heilt ansvarleg for ei miljømessig god løysing.

### Konklusjon

Å endre Speidernes beredskapsgruppe dispensasjon slik det er søkt om, vil ikkje endre omfanget av motorferdsel i Setesdal Vesthei–Ryfylkeheiane landskapsvernområde i særleg grad. Samtidig vil ein slik dispensasjon medføre ein ny forvaltningspraksis som det er vanskeleg å overskoa konsekvensane av. Ein dispensasjon vil mellom anna kunne svekke den etablerte ordninga med leigekøyring, og eit redusert leigekøyringstilbod kan på sikt medføre auka motorferdsel i verneområda.

Ein slik dispensasjon bør derfor berre eventuelt gis etter ei grundig vurdering av positive og negative verknadar av ein ny forvaltningspraksis. Ei slik endring av forvaltningspraksis bør skje gjennom det kommande arbeidet med revideringa av forvaltningsplanen eller ein grundig utgreidd prinsippsak i verneområdestyret.



Til  
Verneområdestyre  
for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane

E-post: sfagpost@statsforvalteren.no

Stavanger, 23.september 2022

### **Søknad om å endre område for tildelte kjentmannsturer i verneområde**

Speidernes beredskapsgruppe vil med dette søke om å få endret 2 av de tildelte kjentmannsturer for vinteren 2023.

Vi ser utfordringen med skuterkjøring i de meste sårbare områdene ved Storsteinen. Samtidig er det et behov for at nye generasjoner får kjentmannsturer på snøskuter i området. Det har de siste 10 årene ikke vært kjentmannsturer i området for noen av redningsaktørene.

For å ikke øke antall snøskuterturer i området, men samtidig få kjentmannsturer i området har vi forespurt Stavanger Turistforening om vi kan **kjøre sammen med dem når de kvister rutene** fra Ådneram til Taumevatn, Storevatn, Kringevatn, Storsteinen, Hovvatn, Litle Aurådal, Grautheller til Ådneram.

Stavanger turistforening er positive til dette. Slik vi begge ser det vil det ikke øke skutertrafikk, men redusere. Det vil effektivisere kvisting som igjen gjør at det blir mindre snøskuterkjøring tilstede i området. Det vil også være god læring for våre mannskap og få og se de erfaringer rundt trasevalg som turistforeningen gjør.

**Speidernes beredskapsgruppe vil med dette søke om å få endret 1 løyve Taumevatn, Storevatn, Grautheller og 1 løyve Ådneram-Kringlevatn til 2 løyver hvor vi kjører sammen med Stavanger Turistforeningen på kvisteturene mellom Ådneram og Hovvatn.**

Omsøkt område ligger i Sør-Vest politidistrikt vedtatt øvingsplan for 2021-2024.

*Med hilsen*

**Ivar Anton Nøttestad**

Daglig leder Speidernes beredskapsgruppe, tlf. 950 31 101



**Verneområdestyret  
Setesdal Vesthei,  
Ryfylkeheiane og  
Frafjordheiane**

**Postadresse**  
Postboks 504  
4804 ARENDAL

**Besøksadresse**  
Setesdalsmuseet Rysstad,  
Setesdalsvegen 3273, 4748  
Rysstad

**Kontakt**  
Sentralbord: +47 37 01 75 00  
Direkte: +47  
finavjth@statsforvalteren.no  
www.svr.no

## Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2022/8711-0

Saksbehandler: Jørn Trygve Haug

Dato: 13.12.2022

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	57/22	19.12.2022

### **Søknad om løyve til bygging av båthus og frakt med snøscooter og helikopter. Store Sandvatn. Gnr 60, bnr. 30. Øyvind Uppstad. Valle kommune.**

#### **Forvalters innstilling**

Med heimel i naturmangfaldslova § 48 får Øyvind Uppstad løyve til å føre opp eit båthus ved Store Sandvatn gnr. 60, bnr. 30 i *Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde* i Valle kommune. Tillate storleik er inntil 12 m<sup>2</sup> BYA. Til kledning og tak skal det nyttast malmfuru påført jernvitrol. Til fundamentering skal det lagast natursteinsmur. Plassering av båthuset går fram av kartet i saka.

#### Øvrige vilkår:


- Maksimalt tillate mønehøgde målt frå terreng er 3 meter inklusive høgde på mur.
- Alt av bygningsavfall skal transporterast ut av området og leverast på godkjend mottak.
- Byggeløyvet gjeld fram til 19.12.2025. Forvaltningssekretariatet skal ha melding straks byggearbeidet er ferdig. I meldinga skal det leggest ved bilete av ferdig tiltak.

Med heimel i forskrift om vern av *Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde* kap. 4 pkt. kap. 5.4 bokstav c, får Øyvind Uppstad løyve til bruk av snøscooter og helikopter til frakt av materialar og utstyr i samband med oppføring av båthuset. Løyvet gjeld for inntil 10 turar med snøscooter. Inntil 4 av turane kan erstattast med landing med helikopter. Løyvet til bruk av snøscooter gjeld fram til og med 24.4.2022. Løyve til landing med helikopter gjeld fram til og med 19.8.2022 men utanom perioden 25.4.20 – 15.6.2022.

#### Øvrige vilkår:

- Løyvet skal alltid vera med under transporten. Før kvar tur må loggskjema fyllast ut. Skjemaet skal alltid følgje løyvet.
- Om førar under transporten med snøscooter observerer villrein innanfor ein radius på 400 meter frå traseen skal transporten utsettast slik at villreinen ikkje vert uroa. Godkjend køyrerute går fram av kartet nedanfor.
- Ved bruk av helikopter skal flyginga skje etter kortaste rute mellom landingspunkta.
- For å redusere forstyrring av bufe, vilt og fotturistar, skal helikopteret ikkje flyge lågare enn 300 m over bakken mellom landingspunkta
- Om det blir observert villrein innanfor ein avstand på 400 m. frå landingspunktet skal landing utsettast til faren for forstyrring er over

#### Godkjend køyrerute. Landingspunkt merka raudt:



Arbeidsutvalet legg vekt på at behovet får båthus er godt dokumentert. Bygningen er av beskjeden storleik og vil ha liten landskapsmessig påverknad. Tiltaket vil såleis ikkje stri mot verneføremålet og ikkje påverke verneverdiane nemneverdig.

For byggetiltaket og motorferdsla må det også søkast løyve frå kommunen.

Etter § 10 i *Lov om motorferdsel i utmark* kan grunneigar nekte landing og køyring på sin eigedom. Om du skal lande eller køyre på andre sin eigedom oppmodar vi difor om at du hentar inn samtykke frå aktuelle grunneigarar.


## Saksopplysninger

Øyvind Uppstad har på vegne av Uppstad jakt og fiskelag søkt om å få sette opp eit båthus ved Store Sandvatn i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Plassen ligg i eit sameige, gnr. 60, bnr. 30 i Valle kommune. Dei har hatt båt i vatnet i mange år med den vert øydelagt av lagringa utandørs. Storleiken på båthuset er 12 m<sup>2</sup> BYA og med mønehøgde 2,5 meter målt utanom høgde på fundament/mur. Det skal nyttast malmfuru til kledning og


taktekke. Dette skal påførast jernvitrol slik at det grånar fortare. Til fundamentering skal det lagast natursteinsmur med stein frå plassen. Kart og teikning er lagt inn nedanfor. Teikninga av ferdig bygning fråviker beskrivinga gjeven ovanfor.

Det vert også søkt om bruk av snøscooter evt. helikopter til transport av materialar og utstyr. For snøscooter vert det søkt om 5 – 10 turar. Alternativt bruk av helikopter sidan det er bratt og vanskeleg terreng. Tal helikopterturar er ikkje oppgjeven. Transportruta for snøscooter går fram av vedtaket.

*Planteikning:*



*Kart plassering:*



*Formell bakgrunn for vurdering og vedtak*

- Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde av 28.04.2000
- Naturmangfoldloven
- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane frå 2015.

*Heimelsgrunnlag*

Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde vart verna ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000. Føremålet med vernet er etter kapittel III i Føreskrift om vern av Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiane landskapsvernområde:

1. Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.
2. Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa.



Etter verneforskrifta kap. 4 pkt. 1.1 er det ikkje tillate å føre opp bygningar i verneområdet. Saka må difor handsamast etter naturmangfaldslova § 48. Etter denne paragrafen kan det gjerast unntak frå verneforskrifta om det ikkje strir mot verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

Etter verneforskrifta kap. 4 pkt. 5.1 bokstav a er motorisert ferdsel på land forbode. Etter kap. 4 pkt. 5.4 bokstav c kan det gjevast løyve til naudsynt luft- og snøscootertransport til frakt av materialar til hytter og buer.

I forvaltningsplanen kap. 2.3.4 er det opna for å tillate bygging av båthus der det ikkje strir mot verneverdiane og ikkje er eit trugsmål mot verneverdiane. Det er sett ei øvre arealgrense på 12 m<sup>2</sup> BYA for slike bygg. Dei seinare åra er det tillate bygging av fleire slike båthus. Til dømes ved Vestre Langsvatn i Bygland (delegert sak 102/21) og på Dygrå i Sirdal (AU-sak 26/19).

## Vurdering

### *Vurdering etter naturmangfoldlova §§ 8 - 12*

Etter § 7 i Naturmangfoldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 leggest til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndigheit. Forvaltningsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet, vurdere søknadane etter desse paragrafane.

### *Kunnskapsgrunnlaget (§8)*

Kunnskapen om naturmangfaldet i området er henta frå lokalkunnskap, Miljødirektoratet sin naturbase ([www.naturbase.no](http://www.naturbase.no)), database for Sensitive artsdata og frå GPS-merkeprosjektet i regi av NINA.

Villreinen nytter områda kring Store Sandvatn gjennom store delar av året. I naturbasen er området merka av som vinterbeite. Område ligg innafør kalvingssona Svarvaren der det jamfør verneforskrifta kap. 4 pkt. 4.2 er ferdselsforbod i perioden 25.4 – 31.5. Dei seinare åra har det vore lite kalving her. Hovudsakeleg skjer kalving lengre nord i Ljosådalen.

I området er det registrert fleire kulturminne knytt til tidlegare støyldrift. Etter forvaltar si vurdering kjem ikkje tiltaket i konflikt med desse.

Ut frå kjend kunnskap er det ikkje andre særleg sårbare artar i områda som vert råka av transporten eller byggetiltaket. Ut frå omtalen ovanfor vurderer ein kunnskapsgrunnlaget som tilstrekkeleg til å fatte vedtak i saka. § 9 («Føre var prinsippet») vert difor tillagt mindre vekt i dei følgjande vurderingane.

### *Økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10 i NML).*

Kring nordenden av Store Sandvatn ligg det 5 – 6 driftshusvære/støylar. Motorferdsla i området er i all hovudsak avgrensa til snøscootertransport til desse. 3 km. Nord-vest for for Store Sandvatn går DNT sør sitt løypenett mellom Øyuvsbu – Svartenut og Bossbu turisthytte. Gjennom året er det ein god del ferdsel i desse løypene og bruk av snøscooter til stikkking av løyper og frakt til turisthyttene. Anna bruk av området er i hovudsak knytt til sauehald, jakt og fiske i sommarhalvåret.

Båthuset skal førast opp på ei ope flate i nordre ende av Store Sandvatn der det er relativt snaut for høgare vegetasjon. Sjølve vatnet ligg likevel i eit større dalføre slik at bygningen vil bli lite synleg på avstand. Her spelar også inn at bygningen er låg og med liten storleik og med farge som skil seg lite ut i frå omgjevnaden. Det er også fleire bygningar i området frå før. Samla sett vurderast dei landskapsmessige verknadane å vera små.



Motorferdsla har eit avgrensa omfang og ulempa er i første rekke knytt til støy av forbigåande karakter. Det er likevel viktig at en ikkje berre ser på den aktuelle transporten isolert sett, men har eit langsiktig og heilskapleg perspektiv på ferdsla i områda.

*Kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar (§ 11 i NML) og Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (§ 12 i NML)*

Tiltakshavar er ansvarleg for at tiltaket og transporten vert gjennomført på ei miljømessig god måte. Det vert sett vilkår for gjennomføring.

*Vurdering etter naturmangfaldslova § 48.*

Byggetiltaket må handsamast etter denne paragrafen. Som nemnd er det då ein føresetnad at tiltaket ikkje strir mot verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

Utover sjølve byggeperioden vil tiltaket i liten grad føre til auka aktivitet og ferdsel i området. Ved oppføring av eit båthus unngår ein lagring utandørs med fare for at båtar vert øydelagt og med trong for å skifte dei ut oftare. Ut i frå storleik og utforming vil dei landskapsmessige verknadane vera små.

Tiltaket gir presedens for andre søknadar om oppføring av båthus i verneområda. Omfanget av slike sakar har likevel vore lite fram til no og det er ikkje grunn til å tru at dette vil auke monaleg. Uansett vil oppføring av slike bygningar i liten grad før til endra bruk av områda og dei er av svært beskjeden storleik.

Ut i frå dette vurderast tiltaket å ikkje stri mot verneføremålet og vil ikkje påverke verneverdiane nemneverdig.

*Andre vurderingar*

Løyvet gjeld for ein snøscooter. Av praktiske omsyn og tryggleikssyn kan fleire snøscooterar køyre saman. Det er då ein føresetnad at førarane køyrer saman og at begge snøscooterane deltek aktivt i transporten. Båe turane må då førast opp på loggskjemaet som følgjer snøscooterløyvet.

### **Konklusjon**

Det vert gjeven løyve til oppføring av båthus og naudsynt motorferdsel i samband med byggetiltaket. Forvaltar legg vekt på at behovet får båthus er godt dokumentert. Bygningen er av beskjeden storleik og vil ha liten landskapsmessig påverknad. Tiltaket vil såleis ikkje stri mot verneføremålet og ikkje påverke verneverdiane nemneverdig.

*Kopi:*

Valle kommune  
Statsforvalteren i Agder



**Verneområdestyret**  
**Setesdal Vesthei,**  
**Ryfylkeheiane og**  
**Frafjordheiane**

**Postadresse**  
Postboks 504  
4804 ARENDAL

**Besøksadresse**  
Setesdalsmuseet Rysstad,  
Setesdalsvegen 3273, 4748  
Rysstad

**Kontakt**  
Sentralbord: +47 37 01 75 00  
Direkte: +47  
finavjth@statsforvalteren.no  
www.svr.no

## Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2022/9725-0

Saksbehandler: Jørn Trygve Haug

Dato: 13.12.2022

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	58/22	19.12.2022

## Godkjenning av budsjett for drift av verneområdestyret 2023

Vedlegg:

- 1 Vedlegg 1\_Regnskap og budsjett

### Forvalters innstilling

Arbeidsutvalet i verneområdestyret legg budsjett vedlegg 1 til grunn for søknad om midlar til drift av verneområdestyret 2023.

### Saksopplysninger

Pengar til drift av verneområdestyret vert løyve i frå Miljødirektoratet etter årleg innmelding av behov. Utgifter som skal dekkast over verneområdestyret sitt budsjett er typisk:

- Godtgjersle for styremedlem
- Reiseutgifter i.f.b.m møter og synfaringar
- Diettkostnadar
- Overnatting og leige av lokalar
- Mat og servering
- Arbeidsgjevaravgift
- Tidsskrift/trykksaker delt ut til styret
- Gåver ved repr. mv.

I tillegg har drift av informasjonstavlene ved Håheller og på Kvinlog vore dekkta av styremidla, samt drift av administrativt kontaktutval (eit årleg møte) og tilsynsutvala.



Løyva midlar har dei siste 5 åra ligge på kr. 500 000. Oversikt over forbruk 2019 – 2022 går fram av vedlegg 1 i saka. For 2022 ligg det ann til at alle midla vert nytta.

For åra 2019 – 2021 har styret hatt økonomi til å dekke utgifter utover typiske driftsutgifter. I 2019 vart det ført over kr. 170 000 til verdskapingsprosjektet. I 2020 vart det nytta kr. 34 000 til utstopping av jerv og takst i samband med saka i Finndalen. I 2021 vart det nytta kr. 225 000 til ferdseleksregistrering og ny nettside. Her kjem det også inn at to av styremøta i 2020 og 2021 vart halden på teams grunna pandemien, og at kostandane for møtet vart lågare enn ved eit fysisk møte.

For 2022 går ein rimeleg i null og utan rom for å nytte midlar til anna enn ordinær drift.

## Vurdering

Ser ein på åra 2019 – 2021 har styret hatt ein god økonomi med rom for å dekke utgifter utover rein styredrift. Dette på tross av at tildelte midlar har ligge fast (500 000) utan korrigering for prisstigning. Relativt låge kostnader på ordinær drift i delar av perioden skuldast også at fleire styremøte var halden på teams. Truleg har også fleire styremedlem lat vera å sende inn krav om godtgjersle.

For 2022 ser ein ut til å gå rimeleg i null utan at det vert nytta midlar på anna enn ordinær drift. Slik sett er nok 2022 «normalåret» for kostnader til ordinær styredrift og som bør leggest til grunn ved utarbeiding av budsjett framover.

For 2023 må ein rekne med auka utgifter som gjer at handlingsrommet vert mindre framover gjeven at tildelinga vert som tidlegare år, dvs. kr. 500 000. Dette knytt til studietur slik verneområdestyret signaliserte i styremøtet 8.11. Her må ein fort rekne min. kr. 25 000 pr. deltakar, dvs totalt kr. 325 000. Ein monaleg eigenandel for deltakaren synast difor naudsynt om ein skal få dette til. Det er sett av kr. 115 000 til styretur i budsjettforslag vedl. 1.

I tillegg har førre verneområdestyre teke på seg å dekke kontorhald for forvaltar i Setesdal (Valle). Til no har dette vore dekkja av verdskapingsprosjektet som vert avslutta i 2022. Årleg kostand her er kr. 50 000. Her må det nemnast at for 2023 er det alt betalt kontorleige for første halvår, slik at dette først slår inn for fullt i 2024.

Sjølv med desse auka kostnadane er det likevel vanskeleg å argumentere for auka tildeling då tidlegare tildeling på kr. 500 000 greitt har dekkja opp behovet knytt til vanleg drift. Ei forsiktig auke til kr. 550 000 bør likevel vera rimeleg ikkje minst som følgje av den generelle prisstigninga det siste året.

## Konklusjon

Forslag til budsjett for 2023 går fram av vedlegg 1.

**Regnskap verneområdestyret SVR 2019 - 2022.**
**Budsjett 2023**

Budsjett (tildelt ) alle år kr. 500 000

2019		2020		2021	
Konto	Forbruk	Konto	Forbruk	Konto	Forbruk
Styrer, råd og utvalg	59 777	Styrer, råd og utvalg	229929	Styrer, råd og utvalg	77028
Honorarer	9 896	Honorarer	44415	Honorarer	55620
Arbeidsgiveravgift	10 420	Arbeidsgiveravgift	39578	Arbeidsgiveravgift	19418
Leie lokaler	2 893	Leie lokaler	1415	Gaver til ansatte (blomster og andre gaver)	5980
Leie av datasystem (årlige lisenser m.m.)	5 880	Reparasjon og vedlikehold av datautstyr	3333	Leie lokaler	23472
Leie av andre transportmidler	8 571	Kjøp av andre fremmede tjenester	34030	Kjøp av andre fremmede tjenester	233828
Kjøp av andre fremmede tjenester	211 066	Aviser, tidsskrifter, bøker o.l.	-10400	Trykksaker	5063
Annonser	5 978	Møter eksterne	94332	Møter eksterne	40473
Aviser, tidsskrifter, bøker o.l.	2 000	Telefoni og datakommunikasjon, samband, internett	12596	Telefoni og datakommunikasjon, samband, internett	12360
Møter eksterne	98 701	Bilgodtgjørelse, oppgavepliktig	43092	Bilgodtgjørelse, oppgavepliktig	34541
Bilgodtgjørelse, oppgavepliktig	28 622	Reisekostnad, ikke oppgavepliktig	9329	Reisekostnad, oppgavepliktig	193
Reisekostnad, ikke oppgavepliktig	20 851	Diettkostnad, oppgavepliktig	4005	Reisekostnad, ikke oppgavepliktig	4268
Diettkostnad, oppgavepliktig	2 134	Diettkostnad, ikke oppgavepliktig	207	Diettkostnad, oppgavepliktig	1526
Gaver (eksterne forelesere og lignende)	558	Gaver (eksterne forelesere og lignende)	1500	Diettkostnad, ikke oppgavepliktig	750
<b>SUM</b>	<b>467 347</b>		<b>507361</b>		<b>514519</b>

2022		Budsjettforslag 2023		
Konto	Forbruk	Konto	Beløp	Merknad
Styrer, råd og utvalg	101 684	Styrer, råd og utvalg	105 000	
Honorarer	77 221	Honorarer	80 000	
Arbeidsgiveravgift	25 840	Arbeidsgiveravgift	30 000	
Leie lokaler	12 647	Leie lokaler	15 000	
Leie av andre transportmidler	26 857	Leie av andre transportmidler	10 000	Redusert frå 2022 då det var styretur til Ryfylket
Kjøp av andre fremmede tjenester	3 500	Kjøp av andre fremmede tjenester	5 000	
Aviser, tidsskrifter, bøker o.l.	16 000	Aviser, tidsskrifter, bøker o.l.	10 000	
Møter eksterne	146 902	Møter eksterne	100 000	Redusert frå 2022 då det var styretur til Ryfylket
Telefoni og datakommunikasjon, samband, internett	9 029	Telefoni og datakommunikasjon, samband, internett	10 000	
Porto	1 249	Porto	1 000	
Bilgodtgjørelse, oppgavepliktig	30 402	Bilgodtgjørelse, oppgavepliktig	34 000	
Reisekostnad, oppgavepliktig	320	Reisekostnad, oppgavepliktig	500	
Reisekostnad, ikke oppgavepliktig	4 849	Reisekostnad, ikke oppgavepliktig	5 000	
Diettkostnad, oppgavepliktig	1 761	Diettkostnad, oppgavepliktig	2 000	
Diettkostnad, ikke oppgavepliktig	235	Diettkostnad, ikke oppgavepliktig	300	
Gaver (eksterne forelesere og lignende)	600	Gaver (eksterne forelesere og lignende)	2 200	
* Forskot kontorhald 2023 forvaltar	25 000	**Kontorhald forvaltar andre halvår 2023	25 000	
		** Styretur 2023	115 000	Reise, overnatting og bespising
<b>SUM</b>	<b>484 094</b>	<b>SUM</b>	<b>550 000</b>	

\*Regnskapet for 2022 er ikkje avslutta enda.

\*\* Beløpene må innarbeides i ordinær kontoplan



**Verneområdestyret**  
**Setesdal Vesthei,**  
**Ryfylkeheiane og**  
**Frafjordheiane**

Postadresse  
Postboks 504  
4804 ARENDAL

Besøksadresse  
Garaneset, 4230 Sand

Kontakt  
Sentralbord: +47 37 01 75 00  
Direkte: +47

www.svr.no

## Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2022/9746-0

Saksbehandler: Alf Odden

Dato: 13.12.2022

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	59/22	19.12.2022

## Innmelding av behov for tiltaksmidler og bestilling av tenester frå SNO for 2023

### Forvalters innstilling

I tråd med saksutgreiinga, melder AU i Verneområdestyret for SVR inn følgjande behov for tiltaksmidler og bestilling av tenester av SNO for 2023.

#### Tiltaksmidler:

Nr	Tiltak	Stad	Sum
<u>Pågåande skjøtselstiltak</u>			
1.	Skjøtsel slåttefyr, Vidmyr	Vidmyr NR/Bykle	40.000
2.	Skjøtsel slåttefyr, Hisdal	Hisdal NR/Bykle	58.000
3.	Skjøtsel slåttefyr, Stovo	Dyraheio/Suldal	35.000
4.	Skjøtsel slåttefyr, Mån	Frafjordheiane/Gjesdal	45.000
5.	Skjøtsel slåttefyr, Øyastølsmyra	Øyastøl/Hjelmeland	30.000
6.	Fjerning av parkslirekne	Nordraheia/Hjelmeland	30.000
7.	Skjøtsel slåttefyr, Flottstøylmyra	Hovden/Bykle	30.000
	<i>Sum pågåande skjøtselstiltak</i>		<b>268.000</b>

#### Andre tiltak

8.	Kartlegging av slåttefyr på Brottelid	Steinsbuskardet/Bykle	50.000
9.	Rydding av stiar i Kvanndalen	Kvanndalen/Suldal	20.000
10.	Rydding av stiar til Dyraheio	Dyraheio/Suldal	15.000
11.	Rydding av plast frå kalkingsprosjekt	SVR/Valle/Sirdal	20.000
12.	Utbetring av ferdslveg, Storådalen	Lusaheia/Hjelmeland	50.000
13.	Drift av elektroniske infotavler	SVR/Sirdal/Kvinesdal	12.000



14. Drift av to nettsider	Alle	15.000
15. Teljing av ferdsel i Flatstøldalen	SVR/Sirdal	40.000
16. Teljing av ferdsel til Sandvatnet	Kvanndalen/Suldal	40.000
17. Teljing av ferdsel i Sloarosløypa	SVR/Bykle	30.000

*Sum andre tiltak* **292.000**

Tilretteleggings- og informasjonstiltak på innfallsportar

18. Informasjonstiltak på sti, Hovdenuten	SVR/Bykle	80.000
19. Sikrings- og erosjonstiltak, Gurostien	SVR/Valle	15.000
20. Opplysningsskilt ved Rogelåni	SVR/Sirdal	30.000
21. Infoinformasjonsskilt Nesflaten	Kvanndalen/Dyraheio/Suldal	260.000
22. Informasjonsskilt på Bortelid	SVR/Åseral	40.000
23. Oppsetting informasjonsskilt Høgaleite	Frafjordheiane/Gjesdal	57.000
24. Informasjonsskilt Funningsland	Nordraheia/Hjelmeland	10.000
25. Informasjonsskilt Førrevassdammen	Lusaheia/Hjelmeland	7.000
26. Informasjonsskilt Øvre Moen	Dyraheio/Suldal	7.000

*Sum tiltak på innfallsportar* **506.000**

**Total sum** **1.066.000**

Tenester frå SNO:

<b>Oppdrag</b>	<b>Verneområde</b>
<b>Tilsyn/kontroll</b>	
Kontroll og registrering av større byggetiltak	Alle
Kontroll av arrangementet Heliboogie ved Kjerag	Frafjordheiane
Kontroll av motorferdsel og oppkøyringstider for Sesilåmi	SVR
Kontroll av kjentmannsturar	SVR
Kontroll av motorferdsel i sørområdet	SVR
Kontroll av ATV-løyver i sørområde	SVR
Tilsyn med informasjonsskilt	Alle
Kontroll av dronebruk på Kjerag	Frafjordheiane
Tilsyn med slitasje og forsøpling ved Rogelåni	
Kontroll av slitasje og forsøpling ved Kjerag	
Kontroll av utslaking av vegskråning på Rv 9 ved Hovden	
Kontroll av oppkøyringstidspunkt for Sloarosløypa	
<b>Tiltak (skjøtsel/tilrettelegging)</b>	
Oppsetting av nye løveskilt	SVR, Frarfjordheiane
Vedlikehald av naturstien ved Håhellervatnet	SVR
Overvaking og utplassering av bilteljar på anleggsvegar i Flatstøldalen	SVR
Overvaking og utplassering av ferdselsteljar i skiløypa til Sloaros	SVR
Rydding av plast frå gamle kalkingsprosjekt	
Oppsetting av informasjonsskilt ved Rogelåni	SVR



### Kartlegging/registrering/overvaking (inkludert bevaringsmål)

Kontroll av status for sårbare rovfugllokaliteter

SVR

### Naturvegledning/informasjon

Orienteringar til verneområdestyret på styremøte

Deltaking på møte og synfaringar i tilsynsutvala

## Saksopplysninger

Miljødirektoratet har i brev frå 02.11.2022, bedt om at verneområdestyret melder inn behov for tiltaksmidler for 2023. Dette gjeld for alle verneområda verneområdestyret er forvaltningsstyresmakt for. Fristen for innmelding er sett til 10. januar 2023. Det skal meldast inn behov i prioritert rekkefølge og med nettobeløp, dvs. utan mva. Midlar til tiltak i verneområde er løyvt over Statsbudsjettet, budsjettpost 1420.31. Miljødirektoratet tildeler midlane ut frå postføremål og budsjetttrammer, og verneområdestyret skal sjølv disponere og prioritere bruken av midla dei blir tildelt. Miljødirektoratet framhevar at det overordna målet for bruken tiltaksmidlane er at naturtilstanden i verneområda skal betrast. Det er derfor viktig at tiltak som bedrar tilstanden til verneverdiane blir prioritert høgt. I dokumentet: «Strategi for bruk av midlar til tiltak i verneområder 2020-2025» har derfor Miljødirektoratet lagt opp til at ulike typar tiltak skal prioriterast i denne rekkefølga:

1. Tiltak som direkte bidrar til å motvirke negative påvirkningsfaktorer knyttet til trusselbildet. Ramsarområder og truede naturtyper prioriteres høyst blant disse tiltakene
2. Løpende skjøtselstiltak
3. Vedlikehold av eksisterende tilrettelegging
4. Bruk av merkevaren Norges nasjonalparker i verneområder med høyt besøkstrykk
5. Bruk av merkevaren i øvrige verneområder
6. Besøksforvaltningstiltak som ikke er direkte knyttet til trusselbildet (slik som fugletårn mm.)

Tiltak som er ein del av besøksforvaltninga i eit verneområde, skal forankrast i ein eigen besøksstrategi. Besøksstrategien for SVR vart godkjent i desember 2018, og kan brukast som grunnlag for prioritering av tiltak.

Det skal og meldast inn bestilling av tenester som ein ønskjer at lokalt SNO personell skal utføre for verneområdestyret i 2023.

Forvaltningssekretariatet har gjennomført eit bestillingsmøte med SNO 06.12.2022. Her vart det gjennomført ei evaluering av 2022 sesongen, og behovet for tilsyns- og kontrollverksemd og bestilling av ulike feltoppgåver vart drøfta. I tillegg drøfta ein prioritering og praktisk gjennomføring av aktuelle tiltak i 2023. SNO hadde ikkje klart å gjennomføre alle feltoppgåvene som vart bestilt av SVR i 2022. Dette skyldast at lokalt SNO personell har hatt omfattande oppgåver med overvaking av villrein langs E134, og at ei SNO stilling har vore ubesett store delar av året. SNO gjorde og merksam på at den vanskelege ressursituasjonen ville halde fram i 2023, og at dette ville medføre mindre tid til oppgåver i SVR. Det vil likevel bli satt av nok ressursar til dei viktigaste kontrolloppgåvene i verneområda.



## Vurdering

### Innmelding av behov for tiltaksmiddel i 2023

Forvaltningssekretariatet har hatt møter og anna kontakt med fleire kommunar og ulike samarbeidspartnarar om kva vi bør prioriter av tiltak i 2023. Det gjekk og ut eit brev til kommunane kor ein bad om innspel på kva for tiltak frå besøksstrategien som burde gjennomførast dette året. Med bakgrunn i desse innspela, føringar i besøksstrategien og egne erfaringar, har vi utarbeidd ei prioritert liste over tiltak vi meiner treng midlar i det komande året. Ettersom Miljødirektoratet sine føringar for prioriteringa av tiltaksmidlar for 2021-2025 var svært tydelege, så har desse og blitt tillagt stor vekt. Dette medfører mellom anna at vi ikkje har prioritert oppstart av nye skjøtselsprosjekt eller tilretteleggingstiltak som ikkje er forankra i besøksstrategien.

2023 blir det fjerde året der tiltaka i besøksstrategien skal settast ut i livet, og det tredje året der vi legg opp til utarbeiding av informasjonsskilt etter «Merkevaren Norges nasjonalparker». På bakgrunn av innspel frå kommunane vil tiltak på innfallsporten Nesflaten bli prioritert. Arbeida på innfallsportane Bortelid, Høgaleite og Knaben vil og bli slutført. I tillegg blir arbeidet med informasjonstiltak langs turstien til Hovdenuten høgt prioritert.

Til saman sju pågåande skjøtselsprosjekt blir vidareført i 2023, Det vil bli gjort nokre mindre justeringar på nokre av prosjekta på bakgrunn av evalueringar som er gjennomført i 2021 og 2022.

Det er lagt opp til å melde inn tiltak for til saman kr 1.066.000,-. Det er svært vanskeleg å vurdere kor stor tildeling frå Miljødirektoratet vil bli for 2023. For 2021 var tildeling på kr 900.000,-, mens den var på kr 1.500.000,- for 2022. Etter forvaltningssekretariatet si vurdering er det likevel viktig og signalisere ovanfor Miljødirektoratet at det er stor aktivitet i SVR, og at det er behov for mykje tiltaksmidlar. Samstundes må ein på grunn av personalsituasjonen være litt tilbakehalden med å sette i gang fleire tiltak enn det ein kan klare å gjennomføre.

Det leggst opp til at verneområdestyret skal foreta den endelege prioriteringa av tiltaksmidlane etter at den økonomiske ramma blir kjent i februar.

### **Prioriterte tiltak**

#### 1. Skjøtsel av slåttemyr, Vidmyr NR, Bykle kommune

Skjøtselsplan Vidmyr naturreservat er utarbeidd. I tråd med denne er det gjennomført rydding av kratt og slått i 2014 og 2015, samt slått av 10 daa i 2016 og 2017 med motorslåtmaskin. I 2018 vart det ikkje slått. I tråd med skjøtselsplanen vart slått utvida til 15 daa i 2019, og det nye arealet vart slått i 2019, 2020, 2021 og 2022.

Sekretariatet foreslår at vi søker om 40 000 kr til skjøtsel av slåttemyr på Vidmyr.

#### 2. Skjøtsel av slåttemark, Hisdal, Hisdal NR, Bykle kommune

Skjøtselsplan for Hisdal Naturreservat er utarbeidd. I tråd med denne er det gjennomført slått i 2015-2019. Nye retningslinjer for skjøtselen vart utarbeidd i 2018, og skjøtselen i 2020, 2021 og 2022 vart gjennomført i tråd med desse. I 2022 overtok SVR ansvaret for eit anna skjøtselsprosjekt i Hisdal frå Statsforvalteren i Agder. Frå 2023 blir desse to prosjekta sett i samanheng.

Sekretariatet foreslår at vi søker om 58 000 kr til denne skjøtsel av slåttemark i Hisdal.



### 3. Skjøtsel av slåttemyr, Stovo, Dyraheio, Suldal kommune

Skjøtselsplan for Stovo er utarbeidd, og rydding av kratt og slått, vart gjennomført i 2017-2021 i tråd med denne. I 2021 vart det gjennomført ei evaluering som viste svært positive effektar av skjøtselen. Skjøtselen blir derfor vidareført i 2022 i samsvar med planen og råda frå evalueringa.

Sekretariatet foreslår at vi søker om 35 000 kr til slått på slåttemyra ved Stovo.

### 4. Skjøtsel av slåttemark, Mån, Frafjordheiane, Gjesdal kommune

Det er utarbeida skjøtselsplan for Mån, og i tråd med denne er det sidan 2014 gjennomført slått av 25 daa slåttemark. Mån har om lag 25.000 besøk i året, og mange har derfor glede av at kulturlandskapet rundt denne fråflytta garden blir haldt i hevd. I 2021 vart det gjennomført ei evaluering som viste eit behov for ei utviding av arealet som bør skjøttast. Skjøtselen vart derfor utvida i 2022 i samsvar med råda frå evalueringa. Denne skjøtselen som og inkluderer brenning vil bli vidareført i 2023. Dette er viktig for å ta vare på ein lokalitet med den kritisk truga arten solblom.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 45 000 kr til slått på Mån.

### 5. Skjøtsel av slåttemyr, Øyastølsmyra, Øyastøl NR, Hjelmeland kommune

Det er utarbeida skjøtselsplan for Øyastølsmyra. Sidan 2012 er det gjennomført rydding av einer og lauvkratt, samt uttak av gran i utkanten av denne rikmyra. I 2015 vart det og gjennomført slått på den gamle slåttemyra. I 2016 og 2017 vart det ikkje gjennomført tiltak på grunn av manglande avtaler med grunneigar. Ny avtale er nå på plass og ny myrslått vart gjennomført i 2018, 2019, 2020, 2021 og 2022. Ei synfaring hausten 2018 viste store oppslag av einstape i områda som var rydda for einer. Det er stort behov for bekjemping av denne, og dette tiltaket vart gjennomført i 2019, 2020 og 2021. Tiltaket har vist gode resultat og vil bli vidareført i eit litt mindre omfang i 2023.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 30 000 kr til skjøtselen av slåttemyra på Øyastøl.

### 6. Fjerning av parkslidrekne, Nordraheia, Sandnes

Sommaren 2021 kom det inn dokumentasjon på et ein relativt stor bestand av den svartelista arten parkslidrekne, hadde etablert seg på den tidlegare innmarka på den nedlagte husmannsplassen Følekammene i Nordraheia naturreservat. Denne bestanden må fjernast med ein gong før den spreiar seg vidare. Det leggst opp til å leige inn arbeidshjelp i tillegg til noko eigeninnsats. Det vart fjerna parkslidrekne fire gongar i 2022 og ein legg opp til ein tilsvarande arbeidsinnsats i 2023.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 30.000 kr til fjerning av parkslidrekne i Nordraheia.

### 7. Skjøtsel av slåttemyr, Flottstøylmyra, Hovden, Bykle kommune

I 2022 overtok SVR ansvaret for skjøtselen av Flottstøylmyra frå Statsforvalteren i Agder. Denne skjøtselen vil bli vidareført i 2023

Sekretariatet foreslår at vi søker om 30 000 kr til denne skjøtsel av slåttemyr op Flottstøylmyra.

### 8. Kartlegging av slåttemark på Brotteliid, Steinbuskardet-Hisdal, Bykle kommune

Innmarka på den nedlagte fjellgarden Brotteliid er svært verdifull. Det kan derfor være aktuelt og sette i gang skjøtsel på denne lokaliteten. Det bør derfor gjennomførast ei kartlegging slik at ein har betre grunnlag for å vurdere igangsetting av skjøtselstiltak.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om kr 50.000 til kartlegging av slåttemark på Brotteliid.



#### 9. Rydding av stiar og stølsvollar i Kvanndalen, Kvanndalen, Suldal kommune

Kvanndalen var tidlegare ein viktig stølssdal og inneheld eit verdifullt kulturlandskap knytt til denne stølinga. Forvaltningsplanen for SVR slår fast at desse verdiane er truga av attgroing. Dette prosjektet vil til ein viss grad motverke denne utviklinga.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om kr 20.000 til rydding av vegetasjon i Kvanndalen.

#### 10. Rydding av stiar til Dyraheio, Dyraheio, Suldal kommune

Frå Kvildal gjekk det tidlegare mange ferdselsvegane inn i Dyraheio. Forvaltningsplanen for SVR slår fast at desse ferdselsvegane er truga av attgroing. Ein grunneigar har i fleire år arbeidd med å rydde desse ferdselsvegane. Dette prosjektet vil vidareføre arbeidet med å halde desse ferdselsvegane i hevd.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om kr 15.000 til rydding av stiar til Dyraheio.

#### 11. Rydding av plast frå kalkingsprosjekt, SVR, Sirdal kommune

I samband med gjennomføring av større kalkingsprosjekt på 1980 og 1990-talet vart det liggande att plastsekkar med kalk på nokre lokalitetar i SVR. Desse plastsekkane er skjemma i landskapet og må fjernast. SNO vil stå for gjennomføringa, men det vil truleg vere behov for helikoptertransport av plastsøppelet.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om kr 20.000 til fjerning av plastsøppelet i SVR.

#### 12. Utbetring av drifteveg, Storådalen, Lusaheia, Hjelmeland kommune

Delar av driftevegen i Storådalen vart etter Ulla-Førre reguleringa liggjande under vatn i nokre parti. Dette er til ulempe for sauedriftene og vanleg ferdsel i området. Nilsebu sameige har meldt inn at dei ønskjer å mure opp delar av driftevegen på eit særleg utsett parti. Tiltaket er kostnadsberekna til kr 80.000. Prosjektet skulle har vore gjennomført i 2021, men måtte utsetjast til det er gjennomført ei synfaring på staden. Prosjektet har nå fått dei nødvendige dispensasjonane og vil bli gjennomført i 2023

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 50.000 kr til utbetring av driftevegen i Storådalen.

#### 13. Drift av elektronisk informasjonstavle ved Håhellervatnet, SVR, Sirdal kommune

I 2018 overtok SVR drifta av den elektroniske informasjonstavla ved Håhellervatnet. Denne har vore i drift sidan 2006 og gir dei besøkande viktig informasjon om verneområda. Kvart år er det utgifter til abonnement for fibertilknyping og mindre oppgraderingar av informasjonstavla.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 12.000 kr til drift av informasjonstavla ved Håhellervatnet.

#### 14. Drift av verneområdestyret sine nettsider

Verneområdestyret har to nettsider. Kvart år er det utgifter knytt til oppgradering og teknisk vedlikehald av nettsidene.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 15.000 kr til drift og vedlikehald av nettsidene.

#### 15. Ferdselsteljingar på anleggsveg i Flatstøldalen, SVR, Sirdal kommune

Ein har relativt lite kunnskap om ferdsla på fleire av anleggsvegane i og inn mot verneområda. Det vart gjennomført teljingar i Flatstøldalen i 2022, men ein treng teljingar for eit år til for å få gode nok data.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 40.000 kr til ferdselsteljingar på anleggsvegen i Flatstøldalen



16. Ferdselsteljingar på anleggsveg til Sandvatnet, Dyraheio, Suldal kommune

Ein har relativt lite kunnskap om ferdsla på fleire av anleggsvegane i og inn mot verneområda. Det er relativt mykje biltrafikk på denne anleggsvegen og ein har behov for ei nøyaktig oversikt over ferdsla.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 40.000 kr til ferdselsteljingar på anleggsvegen til Sandvatnet

17. Ferdselsteljingar på skiløype til Sloaros, SVR, Bykle kommune

Ein har relativt lite kunnskap om ferdsla på fleire av skiløypene i og inn mot verneområda. Det vart gjennomført teljingar i Sloarosløypa i 2022, men ein treng teljingar for eit år til for å få gode nok data.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 30.000 kr til ferdselsteljingar i skiløypa til Sloaros.

18. Informasjonstiltak på tursti til Hovdenuten, SVR, Bykle kommune

Hovdenuten er eit fantastisk utkikkspunkt mot verneområda på både Vestheia og Austheia. Her har SVR i samarbeid med Bykle kommune stått for bygging av steintrapper etter stien mot toppen. Det skal nå lagast til ei opplegg for informasjons langs turstien.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 80 000 kr til informasjonstiltak på stien til Hovdenuten.

19. Sikrings- og erosjonstiltak på naturstien ved Håhellervatnet, SVR, Sirdal kommune

Naturstien ved Håhellervatnet har nå vore i bruk i tre år. Ein har nå identifisert behov for fleire mindre tiltak langs stien, både for å motvirke erosjon og trygge ferdsla for turgåarane.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 15 000 kr til sikrings- og erosjonstiltak på naturstien.

20. Opplysningsskilt ved Rogelåni, SVR, Sirdal kommune

Rogelåni har blitt eit svært populært turmål dei siste årane. Dette har medført ein del slitasje, forsøpling og skader på vegetasjon. Det er derfor behov for eit skilt som opplyser om omsynsfull bruk av område.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 30 000 kr til opplysningsskilt ved Rogelåni.

21. Informasjonsskilt på Nesflaten, Kvanndalen og Dyraheio, Suldal

Nesflaten er utpeikt som innfallsport i besøksstrategien. I 2023 legg SVR opp til å sette opp skilt på staden. Det vil være snakk om tre store skilt (2200x950 mm) og fire mellomstore skilt (2200x950 mm) på startpunktta. Kvanndalsdammen, Sandvatnet, Bleskestad og Mostøl.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 260 000 kr til informasjonsskilt på Nesflaten

22. Informasjonsskilt på Bortelid, SVR, Åseral

Bortelid er utpeikt som innfallsport i besøksstrategien. I 2022 sett SVR opp to skilt på staden. I 2023 vil det være nødvendig å sette opp eit tredje skilt.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 40 000 kr til informasjonsskilt på Bortelid.

23. Oppsetting av informasjonsskilt ved Høgaleite, Frافjordheiane, Gjesdal

Høgaleite er utpeikt som innfallsport i besøksstrategien. I 2022 fekk SVR produsert tre skilt, men rakk ikkje å sette dei opp. Dette skal gjerast våren 2023. Det vil være snakk om tre store skilt (2200x950 mm). Det skal og produserast og settast opp eit mellomstort skilt (2200x750 mm) på Tverrå.



Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 57 000 kr til informasjonsskilt på Høgaleite.

#### 24. Oppsetting av informasjonsskilt ved Fundingsland, Nordraheia, Hjelmeland

Fundingsland er utpekt som eit startpunkt i besøksstrategien. I 2022 fekk SVR produsert eit skilt for Nordraheia NR, men rakk ikkje å sette det opp. Dette skal gjerast våren 2023. Det vil være snakk om eit mellomstort skilt (2200x750 mm).

#### 25. Oppsetting av informasjonsskilt ved Førrevassdammen, Lusaheia, Hjelmeland

Førrevassdammen er utpekt som eit frittstående informasjonspunkt i besøksstrategien I 2022 fekk SVR produsert eit skilt, men rakk ikkje å sette det opp. Dette skal gjerast våren 2023. Det vil være snakk om eit mellomstort skilt (2200x750 mm).

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 7 000 kr til informasjonsskilt ved Førrevassdammen.

#### 26. Oppsetting av informasjonsskilt ved Øvre Moen, Dyraheio, Suldal

Øvre Moen er utpekt som eit frittstående informasjonspunkt i besøksstrategien. I 2022 fekk SVR produsert eit skilt, men rakk ikkje å sette det opp. Dette skal gjerast våren 2023. Det vil være snakk om eit mellomstort skilt (2200x750 mm).

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 7 000 kr til informasjonsskilt ved Øvre Moen.

### **Innmelding av bestilling av tjenester av SNO i 2023**

Sekretariatet har hatt eit bestillingsmøte med lokalt SNO om kva for verksemd som bør prioriterast i 2023. Med bakgrunn i desse innspela frå SNO, pågåande arbeid i verneområdet og egne erfaringar, har vi utarbeidd ei prioritert liste over tenester vi ønskjer frå SNO i 2023.

<b>Oppdrag</b>	<b>Verneområde</b>	<b>Bakgrunn</b>
<b>Tilsyn/kontroll</b>		
Kontroll og registrering av større byggetiltak	Alle	SVR har ei liste over tiltak som bør kontrollerast. SVR må få tilbakemelding frå SNO på kva for tiltak som vart kontrollert i 2022. Det må og lagast til ei skisse til fordeling av mellom SNO og SVR
Kontroll av arrangementet Heliboogie ved Kjerag 21-24. juni	Frafjordheiane	Arrangement vart meldt til politiet i 2018 og 2020
Kontroll av motorferdsel og oppkøyringstid for Sesilåmi	SVR	Kontroll av antall landingar er viktig Viktig for villreinen at dispensasjonen blir fulgt
Kontroll av kjentmannsturar	SVR	Nye dispensasjonar vart gitt i 2022
Kontroll av motorferdsel i sørområda	SVR	Vi har fått rapportar om ulovleg motorferdsel og tidlegare kontrollar har avdekket ulovleg motorferdsel. Særleg aktuelt Hægebostad og Åseral. Helikopter kan med fordel brukast til å finne køyrespor
Kontroll av ATV løyver i Hægebostad	SVR	Køyresleper må kontrollerast og helikopter kan med fordel brukast til å få ei oversikt over omfanget. Kart må utarbeidast
Tilsyn med Rogelåni		Eit mykje brukt turområde. Har fått meldingar om slitasje og forsøpling
Tilsyn med informasjonsskilt		Sjå innom informasjonsskilt ved høve. Viktig at SVR får skadde skilt



Dronekontroll Kjerag		Vi får stadig meldingar om ulovleg bruk av droner
Kontroll av forsøpling og slitasje ved Kjerag		Kontrollere om det er behov for ein permanent ordning med rydding av søppel ved Kjerag
Kontroll av utslaking av vegskråning langs Rv 9 på Hovden		Dispensasjon vart gitt i 2022
Kontroll av vilkår inkludert oppkøyringstidspunkt for Sloarosløypa – ikkje for tidleg		Viktig for villreinen at vilkåra i dispensasjonen blir følgt
<b>Tiltak (skjøtsel/tilrettelegging)</b>		
Oppsetting av nye løveskilt	SVR, Frafjordheiane	Skilt manglar fleire stader mellom anna ved Hisdal, Knaben og Skåpet. SVR lager ei liste over dei mest aktuelle stadane
Vedlikehald av naturstien ved Håhellervatnet	SVR	Det er ein del terrengslitasje ved naturstien. Det bør renskes ved sittebenken på toppen. Det må opp kjetting i eit bratt parti på stien. Nokre stolpar i skiftast ut. Plan for vidare tiltak utarbeidast.
Utplassering av ferdselstelljar i skiløyper til Sloaros før vinterferien	SVR	Skaffe oversikt over bruken av ei mykje bruk skiløype
Fjerning av plast frå gamle kalkingsprosjekt		SVR skaffar oversikt over aktuelle lokalitetar, Smalevatn
Oppsetting av informasjonsskilt ved Rogelåni		Det er behov for informasjon om omsynsfull bruk av område. Det settast opp eit skilt ved parkeringa og eit på staden
<b>Kartlegging/registrering/overvaking (inkludert bevaringsmål)</b>		
Kontroll av status for rovfugllokalitetar	SVR	Sårbare hekkelokalitetar må overvakast. Viktig at SVR får ei oversikt frå SNO ved handsaming av dispensasjonssaker. Det er og svært viktig at aktuelle databasar er oppdatert Rogaland bør også prioriterast
<b>Naturvegledning/informasjon</b>		
Orienteringar til verneområdestyret på styremøte		
Deltaking på møte og synfaringar i tilsynsutvala		



**AU 60/22 Eventuelt**